

**Organisasjonsnummer:** 938626367

**Foretaksnavn:** Hordaland fylkeskommune

**Navn:** Tale Halsør

**Kontonummer:** 52010674239

**Adresse:** Agnes Mowinklesgate 5

**Postnr.:** 5008 Bergen

**Telefon:** 92206675

**E-post:** tale.halsor@hfk.no

## Flere søkere:

Flora kommune, varaordfører, 935473578 , Jan Henrik Nygård, jan.henrik@norblikk.no, 48013161

Sogn og Fjordane fylkeskommune, prosjektleiar hydrogen, nærings- og kulturavdeling, 941388841, Elisabet Kjerstad Bøe, Elisabet.Kjerstad.Boe@sfj.no, 91591548

Bergen og Omland havnevesen, Miljøleiar, 970970347, Even Husby, even.husby@bergenhavn.no, 45182019

**Mottaker:** Miljødirektoratet

**Kopimottaker:** Fylkesmannen i Hordaland

---

**SØKNAD**

**REFERANSEN R.: 18S86B80**

---

## Tryggleik for hydrogen i hamn

**Type tiltak:** Klimavennlig areal- og transportplanlegging

### Beskriv tiltaket, med vekt på hvem, hva, hvor og hvordan:

Hordaland fylkeskommune, Sogn og Fjordane fylkeskommune, Flora kommune og Bergen- og Omland Havnevesen, søker om midlar til å gjennomføre ei utgreiing av tryggleiksaspekt for hydrogen i hamnene i Bergen og Florø. Vi vil plukke ut nokre konkrete case med ulike typar fartøy, lokaliseringar og logistikk-løysingar. Ved hjelp av konsulentar vil vi få gjort vurderingar av tryggleiken for oppbevaring, transport og bunkring av hydrogen til desse fartøya i hamn. Kunnskapen frå prosjektet vil inngå som kunnskapsgrunnlag i hydrogenstrategi for Vestlandet, for kommande innkjøpsprosessar for hurtigbåt i fylkeskommunane og for å førebu hamnene på ulike kommersielle initiativ.

### Hvordan vil dette tiltaket gi økt klimafokus i areal- og transportplanleggingen, utover det en kan forvente av ordinær, god arealplanlegging?

Tiltaket vil betre kunnskapsgrunnlaget for arealplanlegging i hamner, både i dei konkrete lokasjonane i Bergen hamn, men resultatene vil også kunne generaliserast til hamner i Norge generelt. Kunnskapen vil bidra til at kommunar, fylkeskommunar og offentlege aktørar kan etterspørre nullutsleppsløysingar i maritim transport, og slik vere ein viktig input i kommande innkjøpsprosessar i det offentlege. Det vil vidare gjere det mogleg for hamner å tilretteleggje for hydrogeninfrastruktur og tilpasse seg teknologiutviklinga blant kommersielle aktørar på feltet, slik at dei kan tilby desse løysingane når dei første hydrogenfartøya kjem. Tiltaket vil gjere det mogleg i kommunale arealplan-prosessar å setje av tilstrekkeleg og riktig areal til lagring og fylling av hydrogen i hamnene.

### Hvordan kan tiltaket bidra til en varig kvalitets- eller kompetanseheving med tanke på klimavennlig areal- og transportplanlegging?

Utgreiinga vil vere med å tette eit kunnskapshol for kva type areal og infrastruktur, og kva rutinar det er behov for i norske hamner, for å legge til rette for hydrogendrivne fartøy. Vi vil inkludere kommunar med aktuelle prosjekt i tiltaket, for å sikre relevant input, og å spreie kunnskapen vidare. Det er lagt planar for å involvere prosjektet i relevante prosessar (meir om dette i prosjektplan). Prosjektet skal munne ut i konkrete tilrådingar, som skal kommuniserast til det nasjonale verkemiddelapparatet, inn i hydrogenstrategi for Vestlandet og inn i eventuelle innkjøpsprosessar i andre fylkeskommunar.

#### Hvordan er søknaden politisk forankret?

Vi ser tiltaket i samband med arbeidet med ein Vestlandsstrategi for hydrogen (vedtaksdato 15.2.18) og som ei direkte oppfølging av Hordaland fylkeskommune sin hydrogenstrategi (vedtaksdato 22.06.18). Tiltaket er forankra i hydrogensatsinga til Sogn og Fjordane fylkeskommune, handsama i Hovudutval for Næring og Kultur, sak 16/570-1

## Gjennomføring

#### Når planlegges arbeidet startet og avsluttet?

Oppstart: 1.6.18.

Slutt: 31.12.18.

#### Gjennomføringsplanen kan lastes opp som vedlegg eller beskrives nedenfor:

Sjå prosjektplan

#### Beskriv hvorfor økonomisk støtte vil være utløsende for at tiltaket blir gjennomført:

Då det ikkje er konkrete planar om hydrogendrivne fartøy i Bergen hamn i dag, er eit slikt tiltak ikkje ein prioritert aktivitet. Vi veit likevel at det er fleire relevante fartøy-prosjekt på trappene, og det er difor eit behov for å få avklart tryggleiksaspekta for ein slik infrastruktur. Ein felles Vestlandsstrategi for hydrogen bør innehalde konkrete vurderingar for infrastruktur til hydrogen i maritime applikasjonar, men det er ikkje midlar til dette i dag. Tiltaket vil sørge for at vi tidlegare enn elles, kan starte arbeidet med å setje av areal til hydrogeninfrastruktur i hamnene og slik redusere barrierene for hydrogendrivne fartøy.

## Kostnadsoverslag / Budsjett

Utgifter til gjennomføring av tiltaket	Beløp uten mva
Prosjektleiing	30 000
Utgreiing av tryggleiksaspekt ved hydrogen i hamn	500 000
Dialog med marknaden	50 000
Utforming og formidling av tilrådingar	30 000
<b>Total sum</b>	<b>610 000</b>

## Finansiering

Finansiering av tiltak	Beløp uten mva
------------------------	----------------

Samlet kostnad ved tiltak(ene)	610 000
- Andre offentlige tilskudd	0
- Annen finansiering	0
- Egne midler	310 000
= Omsøkt tilskudd fra miljøforvaltningen	300 000

Kan tiltaket/deler av tiltaket gjennomføres med mindre tilskudd enn omsøkt? Ja

Tiltaket vil kunne skalerast ned, med lågare ambisjonsnivå evt færre case. Vi har ikkje undersøkt dette i detalj.

## Utdyping finansiering

Er noe av finansieringen annet enn kommunale midler eller klimasats-midler? Får eller har tiltaket mottatt eksterne midler av noe slag? Nei

Har tiltaket søkt/bedt om eksterne midler, men ikke fått svar enda? Nei

Har tiltaket søkt/bedt om andre offentlige midler, men ikke fått slik støtte? Nei

## Vedlegg

 Prosjektplan hydrogeninfrastruktur hamn.docx (Prosjektbeskrivelse)

**Merknad:**

*Ingen merknad*

[sign] Tale Halsør for Hordaland fylkeskommune

---

Lvert 15.02.2018